
Saksnr: 2020/40225-4
Saksbehandlar: Bjørnar Tjoflot

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovedutval for næring		10.12.2021
Fylkesutvalet		18.01.2022

Høring av revisjonsdokument for Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune ber NVE vektleggje fråsegna frå kommunar, grunneigarar og organisasjonar som er råka av reguleringa.
2. Vestland fylkeskommune ber om at NVE tileignar vekt til ev. innspel med fokus på å ivareta og formidle historia rundt dei gamle kraftindustrianlegga knytt til Bergsdalsvassdraget. Større og mindre tiltak på og i nærføring til kraftindustrianlegga, skal leggest føre kulturminnestyresmaktene for nærare uttale.
3. Vestland fylkeskommune føreslår følgjande tiltak i Bergsdalsvassdraget:
 - Slepp av minstevassføring frå Hamlagrøvatnet. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter. Minstevassføring bør prøvast ut i ein periode på 5-10 år for så å kunna justerast for å få optimale tilhøve for livet i vatnet.
 - Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar, steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.
 - Regulanten må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av tilgrodde stader ved Rødland, Lid og eventuelt andre stader i elva.
 - Regulanten må etter behov ta ansvaret for å fjerna unaturleg oppsamling av mudder og slam som har oppstått i samband med reguleringa.
4. Vestland fylkeskommune føreslår at minstevassføring aukast til minst 5 m³ i nedre del av Daleelva nedanfor Dale kraftverk, i tråd med krav frå Dale jakt og fiskarlag. Minstevassføringa frå Storefossen, som i dag er på 300 l/s, må òg aukast.
5. Føreslåtne minstevassføringar frå regulanten må kvalitetssikrast av fleire forskingsorgan for å vera sikker på at vassbehovet er dekkja for å få ein forbeta produksjon av fisk i elva. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter.
6. Det bør leggjast til rette for turløype på sørsida av vassdraget frå Bergsøyane til Småbrekke. For å få dette til trengst ei bru nedst i Oddmundsdalen før elva renn inn Bergsvatnet. I tillegg må det lagast ein plan for kantvegetasjon, kantrydding og visuell oppleving av vassdraget og fossane.
7. Vestland fylkeskommune ynskjer at det vert gjort målingar i vassdraga for å kartleggje kvar gassovermetting er eit problem og vidare iverksett tiltak for å unngå gassovermetting.

8. Etter Vestland fylkeskommune sitt skjønn må regulanten sit forslag, om å endra reguleringa med 2 m lågare sommarvass-stand i Hamlagrøvatnet, sjåast opp imot det å då kunne sleppa minstevassføring frå Hamlagrøvatnet og vidare nedover i vassdraget. Berre dersom dette gjev både auka kraftgevinst og minstevassføring, kan dette vera eit aktuelt tiltak.

9. Vi ber om at nye vilkår ikkje er eit hinder for at regulanten kan drive flaumdemping gjennom aktiv regulering før og under store tilsigsepisodar.

Samandrag

Vestland fylkeskommune har føreslår mange punkt som bør inkluderast i reviderte vilkår. Fleire av desse går på krav om minstevassføring og fysiske tiltak for å betre miljøet i dei regulerte elvane. I tillegg ber vi om at det leggjast meir til rette for friluftsliv. Mogelegheita for flaumdemping må ivaretakast. Fylkeskommunen ber òg om at kommunane sine fråsegn vektleggast i revisjonen.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka skal Vestland fylkeskommune vedta fråsegn til høyringa av eit revisjonsdokument som er utarbeidd av BKK i revisjonen av vilkåra for konsesjonen for Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget. Det er NVE som har sendt dokumentet på høyring og skal vurdere fråsegna som kjem inn i saka.

NVE skriv følgjande om vilkårsrevisjon på sine nettsider: «hovedformålet med en revisjon vil være å bedre miljøforholdene i regulerte vassdrag. Kjernen i en revisjon vil være å avveie dette formålet opp mot formålet med selve konsesjonen, som er kraftproduksjon. Revisjonsadgangen er ment å innebære en modernisering eller ajourføring av konsesjonsvilkårene, blant annet når det gjelder miljø. Den nye konsesjonen skal gjelde for de neste 30 år.» Det er viktig å påpeika at det er stor avstand mellom kva det var krav til av utgreiing og avbøtande tiltak for å få konsesjon før samanlikna med kva det er krav til no. Konsesjonsvilkår som kan krevjast revidert no er oftast godt over 50 år gamle. Ajourføring av vilkår betyr at nye vilkår skal ta alle omsyn som krevjast av tilsvarande moderne konsesjonar.


Januar 2019 bad NVE kommunane Voss, Vaksdal, Vik, Modalen, Kvam og Høyanger utgreia eventuelle ynskje om å fremje krav om vilkårsrevisjon etter innkomne krav frå m.a. Voss Klekkeri og Voss Kajakklubb. Kommunane sendte 05.06.2019 eit felles kravdokument om vilkårsrevisjon for Modalsvassdraget, Eksingedalsvassdraget, Teigdalsvassdraget og Bergsdalsvassdraget med Torfinnsvatnet. I tillegg sendte kvar kommune i juni 2019 inn sine spesifikke krav med vedlagte koordinerte krav frå alle kommunane.

På bakgrunn av krava har BKK utarbeidd eit revisjonsdokument som mellom anna skildrar reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Krava frå kommunane er kommenterte av BKK i revisjonsdokumentet. Revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår. Denne saka gjeld vilkår knytt til konsesjonar i Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget.

Viktige problemstillingar i denne vilkårsrevisjonen er m.a. krav om minstevassføring, flaumdemping og kraftproduksjon.

Oversikt og områdekildring


Utbygginga ligg i kommunane Voss, Vaksdal, Kvam og Samnanger. Kartet under viser nedslagsfeltet for dei ulike konsesjonane med ulik farge for nedslagsfeltet for dei einssilde kraftstasjonane.



Oversikt over området (frå revisjonsdokument)

Landskapet i området er skildra av Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (sjå figuren under):

- 15-«vassdraga er ofte korte og bratte med hyppig førekomst av fossar og stryk. Storsamfunnet sin bruk av regionen har vore omfattande, noko me kan sjå i form av store damanlegg og kraftgater».
- 22-«Rennande vatn er eit gjennomgåande karaktertrekk, og sidedalane især har ofte tronge gjel eller høge tersklar som elvane kastar seg utfor. Slørete fossefall, og hastige stryk er utbreidd, og lyden av rennande vatn pregar mange natur- og kulturmiljø i dalbotnane»



(Kilden kart/NIBIO) Landskapsregionar.

Vassdraga og minstevassføring

Om vassdirektivet på NVE sine nettsider om revisjon av konsesjonsvilkår: «EUs rammedirektiv for vann (vanndirektivet) og den norske vannforskriften er sentrale i revisjonsprosessen. De lokale tiltaksanalysene samt forvaltningsplanene gir nyttige innspill til prioriteringene av miljøsyn og hvilke tiltak som bør vurderes i revisjonen. Revisjon av konsesjonsvilkår vil være et sentralt virkemiddel for å forbedre miljøtilstanden, som er et hovedmål i vannforskriften.

Revisjonsprosessen bør derfor samordnes med vanndirektivarbeidet så langt det er mulig og hensiktsmessig.»

Minstevassføring er eit viktig krav i denne revisjonen. Meir nedbør vil gje auka kraftproduksjon som òg må kome elva til gode. Ikkje berre regulanten. Tapet av kraft, som BKK skisserer ved slepp av minstevassføring, vil verte mindre grunna auka tilsig. Minstevassføring bør prøvast ut i ein periode på 5-10 år for så å kunna justerast for å få optimale tilhøve for livet i vatnet. Ein slik prøveperiode vil gje eit mykje meir nøyaktig reknestykke for tapte kraftinntekter i eit klima i endring.

Bergsdalsvassdraget

Bergsdalsvassdraget er langt og strekkjer seg om lag 4 mil frå Dalevågen og opp til Torfinnsvatnet i Vossafjella. Fyrste del av reguleringa er frå 1927. I dag har vassdraget 4 kraftstasjonar og nyttar av eit fall på om lag 900 m. Mykje av reguleringa er omfatta av å samla alle vatn, bekkar og elvar i området ned i det store kraftmagasinet Hamlagrøvatnet. Dette har gjeve fråfall av vatn mot Vosso og mot Botnen i Hardanger.

Øvre del av vassdraget vart regulert med konsesjon utan krav om minstevassføring. Det sterkt regulerte vassdraget, er difor prega av at store deler av vassdraget er tørrlagt der vatnet går i tunnelar mellom kraftverka. Dette har over tid ført til eit endra regime i elva. Redusert vassføring og utspyling og færre flaumar har gjeve auka temperatur i vassdraget med auka tilgroing og sedimentering. Det er laga mange tersklar i vassdraget for å oppretthalda basseng med visuell vasspegel. Mange av desse fungerer dårleg med auka tilgroing og stor produksjon av småfisk av aure.

Lite vatn att i vassdraget bidreg til at utslepp av næringssalt frå jordbruket langs elva påverkar i mykje større grad enn før då ein hadde mykje vatn og stor fortynningseffekt. Jordbruket er gjennom vassdirektivet difor pålagt tiltak for å redusera denne påverknaden og då er det naturleg at også regulanten bidreg med vatn for å redusera denne påverknaden. Minstevassføring bør prøvast ut i ein periode på 5-10 år for så å kunna justerast for å få optimale tilhøve for livet i vatnet. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter. Føreslåtte minstevassføringar frå regulanten må kvalitetssikrast av fleire forskingsorgan for å vera sikker på at vassbehovet er dekkja for å få ein betra produksjon av fisk i elva.

Vassdraget vart regulert med konsesjon utan krav om minstevassføring. Dette har over tid medført eit endra regime i elva. Redusert vassføring og utspyling og færre flaumar har gjeve auka temperatur i vassdraget med auka tilgroing og sedimentering. Det er laga mange tersklar i vassdraget for å oppretthalda basseng med visuell vasspegel. Mange av desse fungerer dårleg med auka tilgroing og stor produksjon av småfisk av aure.

Svert låg vasstand gjev store flate område med gytefelt for småvoksen aure og ideelle oppvekstområde for småfisk. Dette har resultert i ein bestand med småvaksen gytefisk og store mengder lite attraktiv småfisk i dei fleste elveparti i Bergsdalsvassdraget. Det er i dag 8 tersklar i området Fosse-Rødland.

Gjennomgåande for tersklane er at dei ikkje er særleg djupe. For å ha positiv effekt på fiskebestandane bør tersklar som hovudprinsipp vere så høge som det praktisk er mogleg. Dette for å heve vasstanden over flest mogleg grunne yngelområde. Det er òg ein fordel om vatnet har grenser til våtmark på land, då våtmark er kjelde til føde for fisken.

Fjerning av lausmassar (grus og stein), kombinert med heving av vasstand reduserer skjulestader for yngel, og fører til at småfisken flyttar seg ut i ope vatn. Viss det er stor rovfisk i dei djupe områda vil det bli eit auka predasjonspress på liten fisk.

Arbeid med tersklane inkluderer vedlikehald og opprusting av gamle tersklar, samt bygging av nye. Eventuelt bygging av nye tersklar eller endring av gamle er eit viktig tiltak, viss dei planleggast riktig. Både plassering, utforming og høgde er avgjerande for om tersklane gjev positiv effekt på fiskebestanden.

Tilgroing i vassdraget er eit velkjent problem, og er godt dokumentert frå tidleg i 1990-åra og opp til no. Det er eit aktivt landbruk i Bergsdalen. Det er mykje bær- og grønsaksdyrking på innmark og sau og storfe på beite i utmark. Bergsdalen jordbrukslag ber om at regulanten i konsesjonsvilkåra må påleggast å sørge for klipping og fresing av utsette områder. Altså drive landskapspleie.

Vestland fylkeskommune føreslår følgjande tiltak i Bergsdalsvassdraget:

- Slepp av minstevassføring frå Hamlagrøvatnet. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter.
- Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.
- Regulanten må påleggast å jamleg utføra klipping og fresing av tilgrodde stader ved Rødland, Lid og eventuelt andre stader i elva.
- Regulanten må etter behov ta ansvaret for å fjerna unaturleg oppsamling av mudder og slam som har oppstått i samband med reguleringa.

Daleelva i vassdraget si nedre og lakseførande del

Daleelva har vore ei viktige lakse- og sjøaureelv. Det er i dag pålagt ei minstevassføring på 3 m³. Likevel har reguleringa hatt ei sterk negativ påverknad på laksestamma grunna drifta av kraftverket. Det er Dale jakt og fiskarlag sitt iherdige arbeid gjennom mange år med tiltak og klekkeridrift som har redda laksen og sjøauren i elva. Det er behov for ei auka minstevassføring til minst 5 m³ i nedre del av elva, slik Dale jakt og fiskarlag krev i sitt innspel.

Det er viktig at gjeldande minstevassføring på 300 l/s frå Storefosdammen aukast for å sikre anadrom fisk i nedre del av elva. Det gjev òg liv til vasslevande organismar og aure i elva som går djupt ned i dalbotnen, men som likevel kan sjåast som eit spektakulært landskapsbilete frå bilvegen mellom Dale og Storefossen. Anadrom fisk går i dag eit godt stykke opp forbi Dale fabrikk. Dette er eit viktig gyte- og oppvekstområde for fisk i Daleelva. Fiskarlaget plantar òg rogn i dette området.

Det er behov for auka minstevassføring til minst 5 m³ i nedre del av elva nedanfor Dale kraftverk. Minstevassføringa frå Storefossen, som i dag er på 300 l/s, må òg aukast.

Friluftsliv i Bergsdalen

Bergsdalen er innfallsporten til Bergsdalen og Kvammafjella friluftsområde med tilrettelagt rute og hyttenett.

Vassdraget har framleis fine elveparti og fossar. For å ta vare på og visa fram dei kvalitetane vassdraget faktisk har også etter reguleringa, ligg det godt til rettes for at det kan byggjast utsiktsplassar og rasteplassar på utvalde stader. Det må òg lagast ein plan for kantrydding, slik at det visuelle landskapsbildet med fosselandskapet kjem fram. Dette må ikkje komma i konflikt med kravet om kantvegetasjon tett inntil elvestrengen.

Det bør leggast til rette for turløype på sørsida av vassdraget frå Bergsøyane til Småbrekke. For å få dette til trengst ei bru nedst i Oddmundsdalen før elva renn inn Bergsvatnet.

Etter Vestland fylkeskommune sitt skjønn må det lagast ein plan for kantvegetasjon, kantrydding og visuell oppleving av vassdraget og fossane.

Bergsdalselva må ha minstevassføring i sommarhalvåret. Minstevassføringa må reknast ut på same måte som viss Bergsdalsvassdraget var ein ny konsesjon. Tiltaket er relevant frå Rødland til Fosse med slepp av vatn frå Hamlagrøvatnet. Meir nedbør vil gje auka kraftproduksjon som også må komme elva til gode og ikkje berre regulanten. Det oppgitte tapet av kraft som BKK skisserer vil derfor bli mindre grunna auka tilsig. Slepp frå Hamlagrøvatnet vil gje eit krafttap på 2,1 GWh og slepp frå Bergsvatnet 8,2 GWh. Dette er etter vår mening et lite bidrag på om lag 1 % av total kraftproduksjon for å få ei stabil minstevassføring i vassdraget. (Årleg middelproduksjon for Dale kraftverk er 694 GWh. Kaldestad kraftverk 91 GWh. Fosse kraftverk 143 GWh. Totalt 928 GWh pr år.)

Gassovermetting

Statsforvaltaren i Vestland har fremja generelt krav om at konsesjonæren må identifisere vassdrag der luftovermetting kan vere ei problemstilling, og beskrive kva som er gjort eller tenkt gjort for å hindre luftovermetting.

Vestland fylkeskommune ynskjer at det vert gjort målingar i vassdraga for å kartleggje kvar gassovermetting er eit problem og vidare iverksett tiltak for å unngå gassovermetting.

Manøvrering av Hamlagrøvatnet

Regulanten ynskjer å endra reguleringa med 2 m lågare sommarvass-stand i Hamlagrøvatnet. Dette må sjåast opp imot det å då kunne sleppa minstevassføring frå Hamlagrøvatnet og vidare nedover i vassdraget. Dersom dette gjev både auka kraftgevinst og minstevassføring, kan dette vera eit aktuelt tiltak.

Flaum

Utbygginga har ein viktig flaumdempingsfunksjon. I Bergsdalsvassdraget ligg denne hovudsakleg til reguleringa av Hamlagrøvatnet. Førehandstapping av Hamlagrøvatnet kan rusta vassdraget for å ta i mot store mengder tilsig. Akkurat dette var med på å redusere flaumen gjennom Dale i november 2005. Dale kraftverk tek unna store vassmengder som elles går gjennom Dale sentrum.

I Torfinnsvassdraget ligg flaumdempinga i dag i mogelegheita for å overføra vatn frå Torfinnsvatnet til Hamlagrøvatnet. Ved fare for stor flaum i Bergsdalsvassdraget stengast overføringa av vatn frå Torfinnsvatnet til Hamlagrøvatnet. Dette gjer at det går meir vatn i Torfinno. I følgje BKK skal ikkje desse handlingane påverka flaum i Vosso i stor grad. Dette sidan dei største flaumane i Vosso som regel kjem av stort tilsig over Bulken/Vangsvatnet. Det er likevel sjølvstyk slik at meir vatn i Torfinno bidreg til større vassføring i Vosso nedtraums der dei møtest.

I Flatabøelva er òg flaumrisikoen mykje redusert så lange vatn overførast til Hamlagrøvatnet. Her er situasjonen lik som i Torfinno. Ved fare for flaum i Bergsdalsvassdraget kan overføringa til Hamlagrøvatnet stoppa og flaumrisikoen i Flatabøelva reduserast ikkje. Det er fleire overføringspunkt frå dette vassdarget. Her er det difor mogeleg å vurdere kor mykje som skal overførast.

Kulturminne

Vestland fylkeskommune, ved seksjon for kulturarv, har vurdert denne saka, som sektoransvarleg for kulturminne.

I revisjonsdokument viser BKK til jf. pt. 3.7.2 at det ikkje er kjent kulturminne i revisjonsområdet.

Legg me til grunn BKK si avgrensing av området jf. kapittel 3 - figur 1 dekkar dette eit stort areal, delt inn i ulike soner. Det er eit fåtal automatisk freda kulturminne som ligg inne i avgrensinga. Eit automatisk freda kulturminne - Id 126397 ei trekolrop frå eldre del av jernalderen ligg rett sør for Holebergstølen. Det er òg kjent kulturminne i fjellområda rundt. Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne som vert råka innafor revisjonsområdet. Torfinnsvatnet regulert 1932, Hodnaberg kraftverk 1953, Fosse kraftverk 1954, Kaldestad kraftverk frå 1964, er relativt gamle tiltak der kulturminneverdiane er lite undersøkt.

Kraftanlegga er og å vurdere som teknisk gamle og representerer i seg sjølv viktige industrielle kulturminne og inngrep i naturen. Me legg difor til grunn at alle inngrep og endringar i og på anlegga vert lagt føre kulturminnestyresmaktene for uttale. Konesjonsområdet femnar og om Bergsdalen ned til Dale, her har registreringane dårleg dekning med tanke på bygningar og kulturminneverdiar. Når det gjeld kulturminne frå nyare tid i planområdet generelt, så har ingen av desse eit formelt vern. Vestland fylkeskommune har lagt inn demninga ved Storefossen i Askeladden, med Id 231768. Nokre av kulturminna er nemnt i Vaksdal kommune sin kulturminneplan, og såleis kommunalt listeført. Dette gjeld mellom anna «Militærvegen» (Id 269543) og Fossestølen (Id 269344).

Vestland fylkeskommune vil elles påpeike at kulturminna som skriv seg frå kraftindustrien i området, viser til ei interessant utvikling over tid. Dette både når det gjeld norsk kraftindustri, men òg når det gjeld etableringa og framveksten av Bergen kommunale kraftselskap (BKK). Vi vil oppmode om at ein har eit fokus på å ivareta og formidle denne historia, og ha ei positiv haldning til innspel frå ulike aktørar når det gjeld dette.

Det må elles nemnast at fjellområda i lang tid har vore attraktivt som rekreasjon. Det er fleire turisthytter, merka turløyper og andre ferdselsårer i området, som også har ein verdi som kulturminne.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse i saka.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

I denne saka må ein vurderer og vekta ulike økonomiske interesser mot kvarandre. BKK og samfunnet tener godt på at BKK produserer store mengder rein kraft frå vatnet dei nyttar i kraftverka sine. I tillegg bidreg aktiv styring av regulerte magasin til flaumdemping. Noko som potensielt kan spare samfunnet og lokalbefolkning for store økonomiske tap i eit klima i endring.

På den andre sida medfører reguleringa konsekvensar på andre felt som ikkje like lett målast i kroner og øre. T.d. gjennom tap av natur grunna for låg vassføring i elvane. Bønder langs vassdraga er pålagde restriksjonar i drifta si grunna at elvane ureinast av nærings salt frå jordbruket. Meir vatn i elvane minskar påverknad av nærings salt på elvane.

Økonomiske tap BKK viser til i revisjonsdokument som følgje av ev. vass-slepp reduserast av meir tilsig i eit klima i endring.

Klima:

Produksjon av rein elektrisk kraft er viktig då denne i mange tilfelle kan erstatta fossile energikjelder i naudsynte prosessar og bidra til eit betre klima.

Eit villare og våtare klima gjer at behovet for gode flaumdempingstiltak vert viktigare og viktigare. Regulerte magasin kan gjennom aktiv regulering fungere som buffer i vassdraga ved store tilsigsepisodar. Det er viktig at vilkåra i konsesjonen ikkje hindrar denne funksjonen.

Folkehelse:

Vassdraga og fjellområda i denne revisjonen vert aktivt nytta som turområde. Meir tilrettelegging for turar langs vassdraga skapar gode og tilgjengelege opplevingar i naturen og bidreg til folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Denne fråsegna viser til at viss ein vektar nokon av FN sine berekraftsmål så kan det gå ut over emna vår til å følgja opp nokon av dei andre. Her gjeld det spesielt at produksjon av rein energi (mål 7) må produserast på ansvarleg måte (mål 12) slik at det ikkje går ut over miljøet og livet i naturen (mål 15). Vi meiner dette er mogleg gjennom utforming og oppfølging av gode konsesjonsvilkår.

Konklusjon

Det produserast store mengder rein elektrisk kraft gjennom konsesjonane som har vilkåra oppe til revisjon. Vilka er gamle, mangelfulle og utdaterte og må oppdaterast. Nye vilkår må sørgje for at regulanten kan produsera store mengder rein kraft utan at dette går utover naturen og miljøet. Regulanten må ha mogelegheit til å fortsetta å driva flaumdemping i eit klima som vert villare og våtare.

Summen av tiltaka som er skissert av fylkeskommunen vil sikre betre vassføring og levekår for fisken i Bergsdalsvassdraget, og bidra til betre miljøforhold i og langs vassdraget. Dette er eit grunnlag for vidare utvikling av næringsinteresser, friluftinteresser, naturbruk og lokal turisme i Bergsdalen og på Dale.